

holdet kan få større betydning ved høsting med skurtresker. I forsøkene har en høstet sortene ved gulmodning.

Varde har synt noe svakere strå enn Herse og har i middel gitt 12 prosent-enheter mer legde. Denne forskjell er statistisk sikker. Varde gir minst like store avlinger som Herse i gjennomsnitt. Det har vist seg at Varde har en tendens til å gi større kornavlinger enn Herse i gode avlingsår og noe mindre enn Herse i dårlige år.

Varde har hatt større hektolitervekt enn Herse og er i middel blitt 1 dag tidligere moden.

Varde har avløst Herse i forsøksstasjonens gårdsdrift.

Edda har gitt de største kornavlinger av de prøvde sorter. Overlegenheten overfor Varde er imidlertid ikke så utpreget som overfor Herse hvor den er tydelig.

Stråstyrken til Edda ligger mellom verdiene for Herse og Varde og må betegnes som god.

Edda har små korn. Hektolitervekten skiller seg lite fra Herse's, men ligger merkbart under Vardes.

Pirkka kan nevnes fordi den har vært tidlig moden, 3 dager før Varde, og gitt like stor avling som Varde og Herse. Men avlingsnivået har vært lavt de få år Pirkka har vært med i forsøkene. En har derfor ikke fått opplysninger om hvordan sorten konkurrerer med de mer velkjente når avlingene er jevnt gode, og legdepåkjenningen stor.

Av de fire sorter som her er trukket fram, er det bare to, Varde og Herse, som er med i den statskontrollerte avl av såkorn. Av disse to er Varde den mest yterike under gode forhold.

## YMSE TUNGT LØYSELEGE FOSFATSLAG I SAMANLIKNING MED SUPERFOSFAT PÅ MYRJORD\*).

*Av forsøksleiar Hans Hagerup.*

S a m a n d r a g.

I denne meldinga er det gjort greie for 11 forsøk med ymse fosfatgjødselslag: Superfosfat, Thomasfosfat, Orofosfat, glødefosfatene Rhenania, Supra og Palatia, 10 typer av råfosfater og dampa beinmjøl. Råfosfatet Reno var meir finmalt enn dei andre. I eit forsøk var også husdyrgjødsel med. Forsøka har gått dei fleste år i eng, deretter i bygg og havre, og 3 og 2 år i neper og poteter. Dei har vara frå 2 til 15 år.

Superfosfat har vori målestokken for fosforverknaden i alle forsøka. Fosforgjødsla er gitt årleg, men ved slutten av ymse forsøk er etterverknaden prøvd i 1 à 2 år. I åker og eng er ho tilført i ei mengd av 1,54 kg fosfor pr. dekar (3,5 kg  $P_2O_5$ ), ei mengd som svarer

\* Denne meldinga vert prenta i «Forskning og forsøk i landbruket» nr. 4, 1961.

Samandrag frå forsøka, relative avlingar i høve til superfosfat.

Felt nr.	67	156	151	88a	88b	145e	79	147	115-116	105b	156b
Superfosfat ....	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
Thomasfosfat ..	94	97	95			95				55	
Afrk. råfosfat ..	81	87									
Fransk krittff. ..	86	84									
Rhenaniafosfat	82	87	83								
Supra .....	86	91	94								
Supra (total) ..			80								
Gafsafosfat ....		92				80				84	
Plutofosfat ....		80	67								
Ephos .....	64	75	65								
Ephos (sitron- syreløyseleg)		99									
Råfosfat N. Hydro				83							
Scoriafosfat ....					83						
Orofosfat .....						84	75			36	
Renofosfat ....						73	74		91-105	70	
Norafosfat ....							80	84	88-105		
Råfosfat frå Holland .....							76				
Palatiafosfat ugranulert ..											90-92
Palatiafosfat granulert ....											59-76
Dampa beinmjøl					95						

til ca. 20 kg superfosfat (8 pst.). I forsøk med to mengder fosfor er brukt 0,88 og 1,76 kg/dekar (2,0 og 4,0 kg  $P_2O_5$ ). Til neper og poteter er brukt 1,54 og 3,08 kg fosfor. Fosforgjødsel er tilført etter det fosforinnhald ho er falbydd etter, for råfosfatene etter totalinnhald, men i enkelte forsøk er nokre også tilført etter sitronsyreløyseleg innhald både etter Wagners metode og etter den modifiserte 1-grams-metoden.

Ein viser til omtalen av dei ymse forsøka når det gjeld frøblanding i enga og grunnjødsling m. v.

For å få eit samla oversyn over resultatata frå dei enkelte forsøk, er dei relative avlingar i høve til superfosfat teki med i tabellen ovanfor.

Superfosfat har havt den raskaste og største effekt som fosfatgjødsel, brukt årleg, av dei prøvde fosfatlag både på grasmyr og kvitmosemyr. Thomasfosfat har ikkje havt fullt så god verknad, men skilnaden er ikkje stor på grasmyr, på kvitmosemyr derimot har den havt dårleg verknad. Orofosfat har ikkje havt

fullt så god verknad som Thomasfosfat på grasmyr, på kvitmosemyr var han mykje dårlegare.

Det er ikkje stor skilnad på glødefosfatene i verknad, om skilnaden ikkje er sikker, så er det ein tendens til betre verknad av Supra enn av Rhenaniafosfat. Palatiafosfat har verka best som ugranulert, og har då stått litt betre enn dei andre glødefosfatene, men ikkje så godt som Thomasfosfat. Den granulerte type av Palatiafosfat har ikkje verka godt brukt som overgjødsling og ligg langt under råfosfatene i verknad.

Dei fleste råfosfatene ligg alle omlag på same verknadsnivå, etter tilhøva mellom 73 og 92 i relativ avling i høve til superfosfat. I eit par høve har Reno og Norafosfat stått over superfosfat ved samanlikning på basis av større fosfötmengde. Den finare formaling som Reno har, ser ikkje ut til å ha auka verknaden i høve til dei andre råfosfatene ved årleg gjødsling. Råfosfötet Pluto har stått tilbake for dei andre.

Ephos har havt litt lågare verknad enn råfosfatene, gjevi etter totalinnhald. Gjevi etter sitronsyreløyseleg innhald (5-grams-metoden) har verknaden auka mykje. Dampa beinmjöl har stilla seg på linje med råfosfatene i verknad.

Råfosfatene har for det meste havt større etterverknad enn lett løyselege fosfötslag.

Dei tyngre løyselege fosföter har oftast vist betre verknad brukt i open åker enn som overgjødsling. Brukt til korn for mogning, har råfosfatene verka til seinare mogning enn superfosfat, denne skilnad kjem mest tydeleg fram i seine år, ikkje så mykje i tidlege år. På grunn av dårleg overvintring av kløver i enga, har det vori vanskeleg å påvise nokon ulik innverknad på kløversetnaden i enga, men i dei høve vi har havt kløver, så har superfosfat havt like god kløversetnad på rutene som dei andre fosföter. Dette har vori tilfelle på begge myrtyper, men ein kan leggja til at vi har havt for få gode tilfelle, å halda oss til for å seia noko heilt visst om dette.

Etter desse resultat skulle tyngre løyselege fosföter, og kanskje spesielt råfosfat, eigne seg betre som opplagsgjødsling med fosfor enn superfosfat.

---

### Statsagronomstillingen i myrjorder og mikronæringsstoffer ved Landbrukshøgskolen i Ultuna besatt.

Forsøksleder, agr. lic. Lars Sigfrid Agerberg er nå utnevnt til stillingen som statsagronom i myrjorder og mikronæringsstoffer, som ble ledig ved statsagronom Karl Lundblads død i oktober 1959. Som sakyndige ved bedømmelse av søkerne til stillingen har fungert professor dr. Hugo Osvald, Sverige, direktør dr. Yrjö Pessi, Finnland, og direktør dr. Aasulv Løddesøl, Norge.

---